



Det skjer stadig nye ting i Ospelunden. Gledelig!!

I Ospelunden byggefeltet skjer det noko jamnt og trutt. No bur det alt over 50 personar i det relativt nyetablerte byggefeltet som ligg på oversida av vegen ved Korsnes med panoramautsikt mot fjorden. Denne veka har det starta opp planerings- og grunnarbeid for ein tremanns-bustad som skal koma i ytre del av feltet.

Samstundes som arbeidet med tremannsbustaden no har starta opp, går grunn- og betongarbeidet for fullt på ein einestad inst i feltet. Der er ringmur til både bustadhus og garasje støypt. No vert det lagt isopor og varmekablar før det vert støypt av plater. Så går det slag i slag til bustaden står ferdig.

Oddbjørn Kroka i Ospelunden fortel at på tremannsbustaden skal no grunn- og betongarbeidet først gjerast ferdig. Deretter er dei klar til å gjera trearbeidet og fullføra bygginga når dei får salg. Det er Brdr. Musland Maskin som har grunnarbeidet, medan det er Ersland forskaling som gjer betongarbeidet. Kroka kan vidare fortelja at det er fleire interessentar som har tatt kontakt om leilighetene i tremannsbustaden.

- Vi har også hatt kontaktar frå ein del som har vist interesse for tomtar lenger oppe i feltet. Dei har nok skjønna at vi ønskjer å gå vidare til neste trinn i byggefeltet, legg han til.

Elles er tomannsbustaden som brødrene Røssland har bygt inst i feltet, lagt ut for salg. Det er også ein leilighet til salgs lenger ute i feltet.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland